KROPP 6. TRINN

SKJERMEN VISER:	I TIMEN:

Denne timen handlar om kroppen og grenser. Dei fleste barn har lært at ein bestemmer sjølv over eigen kropp, men det er ikkje alltid så lett å sette grenser likevel. Nokre gongar har andre tatt på oss før vi rakk å seie frå, og nokre gongar seier vi frå utan at den andre høyrer på oss. Like viktig som å lære å sei nei er difor å lære å ikkje gå over andre sine grenser.

Start eventuelt med påstandsøving, eller gå rett til å sjå Klassen om de treng å spare tid.
Denne kan gjennomførast på ulike måtar, poenget er at elevane skal markere om dei er einige i påstanden eller ikkje. Det er oftast ikkje eitt rett eller galt svar, så prøv gjerne å få fram ulike syn på påstandane. Øvinga kan gjerast ved å:

- Sitte i ring og dei som er einige reiser seg og bytter plass
- Sitte på plassane sine, men reise seg og stå om ein er einig
- Sitte på plassen sin og bruke tommel opp, til sida eller ned for å markere grad av einigheit
- Stå på ei rekke og gå til høgre om ein er einig og venstre om ein ikkje er einig

Påstandar de kan bruke:

- Det er onsdag i dag (for å teste om alle har forstått)
- Det kan vere fint å få ein klem av og til.
- Å ta på andre sine hender kan også vere privat.
- Det er lettare å seie nei til ein framand enn til ein venn.
- Når nokon smiler eller ler, betyr det at dei likar det som skjer.
- Det er lett å merke når nokon ikkje ønskjer kroppskontakt.
- Det kan vere hyggeleg å få kommentarar om utsjånaden sin.
- Ein kan gå over andre sine kroppslege grenser utan å ta på dei.
- Det kan vere vanskelegare å stoppe når vennene dine ler av det du gjer.
- Det kan vere vanskeleg å seie frå når ein venn går over andre sine grenser.
- Det er lettare å stoppe med noko dumt dersom ein venn hjelper deg å avslutte det.

Vi skal sjå episode 7 sesong 1 av Klassen - NRK TV

Etter filmen: Her var det ganske lett å sjå at jentene ikkje likte det desse gutane gjorde, og gutane visste at det ikkje var greitt. Men det er ikkje alltid like lett å vite kva kroppskontakt andre ønskjer og ikkje, så vi skal sjå nokre eksempel.



Kven av desse opplever kroppskontakten som positiv og ønska?

- Kva viser ansikta til dei som synest det er greitt (begge har ganske like uttrykk)
- Kva viser ansikta til dei som synest det ikkje er greitt? (Dei har ikkje same uttrykk, den eine er aktiv og ivrig, den andre viser meir skepsis/ubehag)



La elevane snakke litt saman om kva som skjer i desse ulike situasjonane. Alle viser at noko er ubehageleg, men kva handlar det om?

Det er først og fremst situasjonen med læraren som strekker fram handa for å helse som skil seg ut. Ho vil berre vere hyggeleg og høfleg, men guten er likevel ikkje komfortabel med å ta ho i handa. Det kan handle om religion eller noko anna som gjer det vanskeleg for han med kroppskontakt.
Dei andre situasjonane viser tydelege eksempel på ungdommar som tråkker over andre sine grenser på ulike måtar.

Truleg vil elevane legge merke til at det er flest situasjonar der gutar går over andre sine grenser. De kan gjerne snakke litt om dette også. Både gutar og jenter kan vere for

	pågåande og krenke andre sine grenser, og alle treng å lære å legge merke til og respektere andre sine signal. Samtidig kan særleg gutar ha nytte av å øve på å hjelpe kvarandre med å stoppe grenseoverskridande åtferd, utan å gjere situasjonen verre. Målet er at elevane skal forstå at dei har ansvar både for eigne handlingar og for å bidra til at andre sine grenser blir respekterte. For det er ikkje først og fremst den som blir utsett for eit grensebrot som skal ha ansvaret for å stoppe det. **Vi øver:** 1. La elevane jobbe i små grupper og bruke bildet som inspirasjon til å kome på/vise/teikne ulike måtar folk viser med ansikt, kroppsspråk eller ord at dei ikkje ønskjer slik kroppskontakt no.
	2. Når elevane klarer å vise eller forklare kva signal ein bør legge merke til, får dei neste oppgåve, som er eit arbeidsark der dei skal samarbeide om å vurdere alternativa.
 Til guten: a) «Kom hit litt, eg må vise deg noko» b) «Eg trur du skal sleppe ho no og heller bli med oss» c) «Har du sjekka om ho syns det er greitt at du held rundt ho?» Til jenta: d) «Hei, det ser ut som du heller skal komme og vere i lag med oss»	3. No skal elevane øve på kva ein kan eller bør vi gjere når ein ser at venner eller andre går over nokon sine grenser for kroppskontakt. La gruppene prøve å seie høgt dei ulike forslaga til replikkar, lat gjerne som om ein faktisk skal gripe inn overfor elevane på bildet. Målet er å finne ein måte å gripe inn på som hjelper jenta, men samtidig gjer at guten forstår og kan forandre væremåte. Som oppsummering til slutt kan de sjå på dette bildet og elevane kan både seie korleis dei ser at jenta ikkje likte dette, sei korleis guten kunne merka det, og kva han kunne sagt/gjort då. Så kan elevane få kome med sine beste forslag til korleis andre kan gripe inn og hjelpe dei ut av situasjonen. For det er ikkje berre jenta her som treng hjelp. Det er heller ikkje bra for guten å oppføre seg slik at andre får det vondt. Minn dei også om at det kan vere nødvendig å hente andre som kan hjelpe om ein ikkje klarer å stoppe ting aleine.
	Sjå gjerne denne engelske filmen om å spørje før kroppskontakt. Introduser den med å sei at det handlar om ein bjørn som prøver å lære menneskereglar for kroppskontakt Consent And Communication - YouTube.
	Gjer litt Frosketid til dømes denne Pust med en venn - YouTube